

Informasjon frå bygdautvalet

Til husstandane i Fjærland

Desember 2025

Velkomen!

Dette er eit informasjonsblad som blir delt ut til alle postkasser i Fjærland. Me vonar at du kan finna informasjon både om arbeidet i bygdautvalet og anna som skjer her.

Målet med dette bladet er fyrst og fremst å informera om kva me i bygdautvalet driv med sjølve, for det er ikkje alltid lett å hengja med på. I andre omgang vil me få fram ting andre driv med og som gjeld utvikling og nyskaping i Fjærland. Kanskje ikkje alle veit kva og kven bygdautvalet er,

så me presenterer oss sjølve i dette bladet. Viktig òg er dato for årsmøtet, som blir 24. februar 2026 kl. 20, på bygdahuset.

Bladet her inneheld ikkje mykje nytt. Me har heller meint det som eit infoblad og oppslagsverk, til dømes ved at me presenterer alle organisasjonar i Fjærland og styra deira. Me har òg prøvd å få oversikt over næringsverksemd i Fjærland, og det er meir enn mange trur. Me vonar bladet blir til nytte og glede!

Ny drift på Inkåleisn

Fleire har fått med seg at Magnus Tjugum Frogner kjem til å ta over drifta på kafeen i Mundal frå våren att. Han gler seg til å ta over, og me skal la han få ordet sjølv:

Jeg er en snart 30 år gammel gladgutt som trives godt i lag med folk, liker å være i aktivitet og å utfordre meg selv. Jeg er utdannet markedsfører og har over 10 års erfaring fra oppussings- og byggevarebransjen. I tillegg har jeg jobbet i bar under festivaler på fritiden. De siste årene har jeg bodd på Tøyen i Oslo, og lever et variert liv fylt med blant annet trening, venner, lesing, konserter og dans.

Fjærland står mitt hjerte nært. Stedet er uten tvil – helt objektivt – verdens vakreste brebygd, og har en helt unik ro. Jeg slekter fra Skarestad-gården og er der hver sommer på slektstreff. Jeg har vokst opp med utallige turer opp til Flatbrehytta og vi måtte alltid en tur inn til Mundal for å se bokbyen og ta en kaffe eller solo på kafeen.

Da jeg var på mitt livs første smalahovefest i oktober, fikk jeg vite at kafeen ikke skulle drives videre og David så etter en til å overta. Da kjente jeg på et kall. Jeg har alltid hatt en drøm om å drive en kafe eller bar, samtidig som jeg også har hatt et ønske om å flytte til Fjærland en gang i livet – så dette er et eventyr av en mulighet!

Jeg ønsker å bygge videre på det konseptet David har skapt med Inkåleisn, og gjøre kafeen til et naturlig samlingspunkt både for de lokale og tilreisende. Visjonen min er å lage en koselig kafe i hjertet av Fjærland, som serverer skikkelig god kaffe, deilige bakevarer og digge sandwicher. Jeg drømmer også om å fylle kafeen med liv gjennom ulike arrangementer – som quizkvelder, strikkekafé, historiekvelder og kanskje til og med besøk fra artister og standupkomikere etter hvert. Jeg opplever at det er et veldig godt miljø i bygda, og jeg ønsker å være med og bidra til dette ved å holde liv i den vakre, lille kafeen i Mundal.

Magnus Tjugum Frogner

Innkalling til årsmøte

Me kallar inn til årsmøte i Fjærland bygdalag

**Tysdag 24. februar 2026 kl. 20:00,
Fjærland bygdaus**

Vanlege årsmøtesaker og info om saker sist år.

Innkomne saker må vera bygdautvalet i hende 14 dagar før møtet.

Lag og organisasjonar i Fjærland

Kva lag og organisasjonar finst i Fjærland? Her kjem ei oversikt så langt me veit.

Fjærland idrettslag

Stein Roar Haugen – leiar
Marianne Nilsen – nestleiar
Anne Mundal Skjelten - kasserar
Arne Skjelten - skrivar
David Morken Mundal - styremedlem

Fjærland ungdomslag

Knut P. Bøyum – leiar
Iselin Liseter - nestleiar
Kariann Bøyum Halland – kasserar
Berit Karin Solsvik – skrivar
Karianne Dvergsdal Bøyum
Gunnar Supphellen
Hanne Haugen
Grete Karin Juklestad

Fjærland musikkorps

Brita Supphellen – leiar
Torbjørn Ask – nestleiar
Randi Finne – kasserar
Knut P. Bøyum – skrivar
Grete Mundal – styremedlem
Jon Ove Eineteig – 1. vara

Fjærland skyttarlag

Sverre T. Mundal – leiar
Knut P. Bøyum - nestleiar
Anders Skarestad
Endre Distad
Gunnar Supphellen
Grete Mundal – møtande 1. vara, kasserar
Anders K. Mundal – leiar i ungdomsutvalet

Fjærland sokneråd

Sigrun Irene Lidal – leiar
Anders Skarestad
Grete Mundal
Margrete Johanna Øygard

Marit Fredrikke Henningsen - skrivar
Klara Heimlid Bøyum - kasserar
Jøran Skeide – møtande 1. vara
Jan Tore Solberg - 2. vara
Hilde Supphellen – ekstern rekneskapsfører

Fjærland 4H

Vivian Fodnes – klubbbrådgjevar A
Linnea Bøyum - leiar
Maren Mundal Skjelten - nestleiar
Sverre Eineteig - kasserar
Jon Supphellen - skrivar
Vemund Ødegård
Amanda Henningsen Mundal - 1. vara
Johanna Mundal - 2. vara

Fjærland sogelag

Sven Bjåstad - leiar
Arild J. Sandvik – nestleiar
Sigrun Irene Lidal

Bygdalaget og bygdautvalet: Kva og kven

Til og med dei som sit i bygdautvalet, går av og til i surr med ord som «bygdalaget» og «bygda-utvalet». La oss prøva å klara opp litt! Den kortaste måten å skildra det på, er at bygdalaget er lokaldemokratiet vårt.

Fjærland bygdalag er kort sagt alle som bur i Fjærland. Av bygdalaget blir det valt ei lita gruppe som arbeider med saker for bygdalaget, og det er bygdautvalet. Når du fyller 15 år, har du røysterett både i bygdalaget, -utvalet og andre organ bygdalaget oprettar. Vedtektene til laget seier det slik om kva laget skal driva med:

«Fjærland bygdalag skal vere forum og pådrivar for utvikling av nye idear og trivselstiltak, og gjennomføring av prosjekt. Bygdalaget er bygdefolket sin felles interesseorganisasjon og talerør overfor offentlege styresmakter, andre ideelle organisasjonar og private interesser.» Det finst liknande organisasjonar i mange bygder.

Organisering

Bygdalaget skal ha årsmøte minst ein gong i året, før

februar er ute. Årsmøtet er øvste organet i laget, og avgjer både kven som skal sitja i bygdautvalet og andre grupper, og kva laget skal arbeida med det neste året.

Bygdalaget har ofte ulike undergrupper som arbeider med egne saker. Til dømes har me hatt ei sti-gruppe, veggruppe, og grupper for tilflytting og parkering. Slike grupper kan arbeida over fleire år eller berre kortare tid, alt etter kva som trengst.

Møte og kommunikasjon

Det står ingenting spesielt i vedtektene om korleis bygdautvalet (som altså er den vesle gruppa som er valt av bygdalaget) skal kommunisera med resten av bygdalaget, men det vanlege er at det blir kalla inn til bygdamøte når det er noko spesielt å diskutera eller melda. Det har òg hendt at bygdautvalet har laga infoskriv, som dette. Bygdautvalet i år har vidare laga heimesida bygdalaget.fjerland.no, og me skal i tillegg bli flinkare å bruka Fjærlandsnytt. Facebook er ein reklamenettstad og ikkje ein informasjonskanal, så der er me ikkje.

Aamund Mundal
Johannes Eggen Mundal

Fjærland bondelag

Hege Våtevik – leiar
Maria Langhelle
Johannes Tufte
Torstein Solli Supphellen
Hans Erlend Skeide

Bygdahuset

Anna Supphellen – leiar
Jorunn Marie Bøyum Halland –
kasserar
Knut P. Bøyum
Arild J. Sandvik
Kjell Juklestad

Bedehuset

Alvhild Bøyum – leiar
Mette Lunde Bøyum – kasserar
Målfrid Berit Lidal
Svein Arne Bøyum
Margrete Johanna Øygard

Fjærland seniordans

Berit Orheim – leiar
Barbra Vangsnes
Alvhild Bøyum Fodnes

Fjærland

næringssamskipnad

Bjarte Haugen – leiar
Jon Ove Eineteig – nestleiar
Maria Langhelle
Anne Mundal Skjelten
Svein Arne Bøyum

Bente Resaland Skeide – vara
Arild J. Sandvik 2. vara

Arnhold-stiftinga

Gunnar Bøyum
Arne Skjelten
Monica Skeide
Laura Kvamme
Aamund Mundal

Registrerte grasrot- mottakarar

Fjærland idrettslag, 42 gjevarar
Fjærland musikkorps, 29 gjevarar
Fjærland ungdomslag, 17 gjevarar
Fjærland seniordans, 7 gjevarar
Fjærland skyttarlag, 3 gjevarar

Samla av Grete Mundal

Kven er bygdautvalet for 2025-26?

Inna Jorddal, 1983 (nestleiar).
Drivar av Fjærland Fjordstove
hotell og Brevasshytta.
Glad i interiør, natur og kor.



Inge Rauboti, 1965 (møtande
vara).
Har jobba som tømrrar i
mange år, mest i Fjærland,
men òg andre prosjekt. Likar
å gå i fjellet, litt jakt på
hausten og turar på sjøen.




Hilde Mauritzen, 56 år,
sjukepleiar.
Bur i Mundal, vonar fleire
unge vil engasjere seg i
bygdautvalet, delta på
årsmøte, stille til val og
komme med innspel. Liker å
male og teikne, og gå tur.




Ivar Erlend Waatevik, 1962.
Bonde og lærar på Kvåle skule
i Sogndal.



Grete Mundal, 25 år (f. 2000)
Eigar og drivar av frisørsalongen
Mundal frisør og velvære.
Har sete i BU sidan 2020. I tillegg
til BU finn du ho engasjert i
skyttarlaget, soknerådet og
korpset.



Eivind Ødegård, 1977 (leiar).
Lærar og ein del anna. Likar
språk, bøker og musikk.



Næringslivet i Fjærland

Veit du eigentleg kva firma og næringsdrivande som utfører tenester me alt har i bygda? Her kjem ei oversikt, ordna om lag etter bransje.

Joker Fjærland
Daglegvarebutikk

Fjærland guiding
Guiding, kajakkutleige, sauna

Mountaingoat guiding, Gaute D. Bøyum
Guiding

David Mundal
Guiding og reiselivstenester

Justyna Smiarowska
Reiselivstenester

Norsk bremuseum
Museum, utleige av møtelokale

Bøyum Camping
Hytteutleige, catering, sommaropen kiosk

Fjærland fjordstove hotell
Overnatting, middagsservering

Brevasshytta
Servering

Inkåleisn
Servering

Fjærland hytter
Overnatting

Rødseter Inn
Overnatting

Den norske bokbyen
Bokutsal

Straumsvågs antikvariat
Bokutsal

Seriesalget, Jan Peter Strong
Bok- og serieutsal

Kvamme Rekneskap
Rekneskapsføring og revisortenester

Sigrun Irene Lidal
Massasje

GBO helse, Gunn Standal Bøyum
Helsetenester

Soksi frisør
Friøsr på oppgjevne dagar

Mundal frisør
Frisør, produktutsal

Ingvar Supphellen
Tømrar- og snikkartenester

Inge Rauboti
Tømrar- og snikkartenester

Johannes Tufte
Tømrar- og snikkartenester

Sven Bjåstad
Målar- og handverkartenester

Arild Johannes Sandvik
Røyrleggjar

BMR AS
Maskin- og fraktetenester

Geithaug maskin, Inge Berge
Maskinentreprenør

Mikkel Olai Liseter
Maskinentreprenør

Bøyum maskin og utleige
Sjåførutleige, traktoroppdrag, brøyting og graving

Gunnar Supphellen
Maskinentreprenør

Sverre Tufte Mundal
Maskinentreprenør

Truelink AS
Produksjon av diverse i stein

Berge Traktor
Verkstad og maskinhandel

Torstein Solli Supphellen
Reparasjon

Fjærland Taxi
Transport

Alle bøndene er næringsdrivande, og fleire av dei driv eigne utsal: kjøt, saueskinn, egg.

Svein Høylo
SH artistformidling

Maryan G Mundal
Kulturverkstaden, tenester innan litteratur, kunst og musikk

Karolina Wypychowska
Kunstnarleg verksemd

Fjærland film AS
Nystarta selskap. Film- og TV-produksjon.

Fleire kraftprodusentar har adresse Fjærland.

Fjærland avløysarlag

Fjærland sauesankelag

Skeidsdalen beite- og utmarkslag

Eivind Ødegård
Nettverk, lydteknikk, musikk

Commit Solutions AS, Gerard van der Welden
IT-tenester

Me orsakar om me har gløymt nokon.

Ny pengeboks i sørvisbygget

Ivar Erlend fekk i vår i oppdrag å skaffa ein droppsafte til sørvisbygget på torget.



Med det fekk me ei betre løysing for betaling med kontantar for bruk av dusj og vaskemaskin. Den blei montert i slutten mai slik at me fekk vekk sparegrisen som har fungert til då, men var lett å ta med seg.

Laura har nøkkel og tømmer safen med jamne mellomrom. Ho seier at etter den kom opp har det ikkje vore lagt oppi utanlandske pengar, men i sparegrisen låg det ofte utanlandske myntar.

Inge Rauboti

Veit du kvar hjartestartarane er?

Hjartestartarar kan vera skilnaden mellom liv og daude. Det står om minutt dersom ein person får hjartestogg. Alle må kunna hjarte-lungeredning, og i tillegg vita kvar næraste hjartestartar er. I Fjærland er me så heldige at me har fire av dei, sjølv om berre ein av dei er registrert på 113.no.

Fjærland oppvekstsenter

På scena, bak sceneteppet. Venstre side sett frå salen. Tilgjengeleg når gymsalen er opplåst.

Busenteret

I gangen. Denne er tilgjengeleg døgnet rundt.

Bøyavegen 159

I driftsbygningen. Denne er lagt ut på 113.no og er tilgjengeleg døgnet rundt.

Bøyum camping

I sørvisbygget på campinga. Tilgjengeleg døgnet rundt.

Det blir trening i hjarte-lunge-redning på ungdomsklubben fredag 6. februar 19-20, med høve for vaksne til å øva seg mellom 20-21. Drop-in, inga påmelding. Instruktør blir kunngjort seinare.



Kontorfellesskap i Fjærland

Kontorfellesskapet vårt ved Bremuseet i Fjærland er no i drift. Her finn du to arbeidsstasjonar med tilrettelagde PC-skjermar.

Kontoret er eit tilbod til deg som ynskjer ein stad å jobbe eller studere utanfor heimen eller hytta di. Vi ynskjer også at dette skal vere ein møteplass for frivilligheita i Fjærland.

Liv og Lyst vil nytte kontorplassane til vidare arbeid med prosjektet sitt. Dersom andre frivillige i bygda ynskjer ein stad å gjere kontorarbeid for laget sitt, kan de låne kontorplass gratis.

Dette er ei prøveordning, og vi set pris på innspel og tilbagemeldingar undervegs.

Utstyr og fasilitetar

Arbeidsstasjonane har:

- 40" skjermar med dokking og tilkopling til dei fleste PCar.
- Heilt nye, justerbare kontorstolar.
- Hev/senk-funksjon på ein pult.
- Tastatur og mus (ein kan òg ha med eige).
- Rein pult-regel.

Du har også tilgang til:

- Konferanseskjerm.
- Internett: tilgang til bremuseet sitt gjestenett.
- Toalett: eige toalett i kontorbygget.
- Kafe: tilgang til kafeen på Bremuseet (obs! museet er stengt om vinteren)



Pris og betaling

100 kr per dag, men gratis når du studerer eller jobbar for eit frivillig lag i Fjærland.

Betaling via vipps til Fjærland Bygdalag #114473. Merk betalinga med «kontorfellesskap».

Tinging

Reserver plass ved å sende melding til Else Mundal, telefon: 976 49 724.

Betalande gjester har prioritet. Dersom begge plassane er reservert, får du tilbod om ein plass utan skjerm.

Venleg helsing Liv og Lyst i Fjærland

Sei hallo til fjerland.no

Det er fint å vera sjølvberga! Det gjeld på datafronten òg. Difor har bygdautvalet kjøpt inn ei datamaskin som er felleseige for heile Fjærland, og som driv nett-tenester alle fjærlendingar kan bruka gratis. Me har skylagring (Nextcloud), kontorpakke (Collabora), sosiale media (Mastodon), QR-kodegenerator, tankekartredigering, nettsideredigering (Wordpress oa.), vår eiga filmside (Peertube), ein wiki og gratis epostadresser, for å nemna noko. Me kan òg installera fleire tenester dersom nokon har bruk for det. Alt saman finst fritt og franko på nettsida fjerland.no, og er tilgjengeleg berre for dei som har postnummer 6848. Du kan få ein brukarkonto ved å kontakta Eivind: eivind@fjerland.no.

Maskina blir driven på dugnad, og kan tilby god læ-

ring for unge fjærlendingar som går til dømes dataelektronikarfaget VG3, eller berre er interesserte i data og nettverk. Maskina køyrer Yunohost, og blir administrert over web eller SSH. Data ligg på ei RAID1-lagring med dagleg kryptert tryggingsskopi til eigen disk.

Alt dette høyrer noko teknisk ut, men det er ikkje verre enn at mange av oss allereie bruker slike tenester, kanskje utan å vera klar over det. Med fjerland.no slepp du å vera prisgjeven alle gigantselskapa som bruker personopplysingane dine til å fylle opp skjermen din med personleg tilpassa reklame. På fjerland.no er det ingen algoritmar, ingen reklame og ingen som snokar på deg, og alt er gratis. Det er endå ein liten, men god grunn til å bu her.

Kva har Fjærland ungdomslag drive med i 2025?

Eg vart spurd om å skriva litt kort om kva ungdomslaget har gjort dette året. Men, for å skryta, det er ikkje heilt enkelt å vera kort. Og det er vel difor me fekk Aktivitetsprisen frå Sogn og Fjordane ungdomslag for andre år på rad. Og at me var nominerte som eit av fem lag til Årets lag i Noregs ungdomslag.

Men no skal eg forsøkja å slutta å skryta, og heller leggja fram kva me har gjort. Det viktigaste me driv med i laget er gjerne dei faste tingi som me har drive med i alle år. For dei yngste skipar me til kino ein gong i månaden, Torstein og gjengen lagar til klubbar, me har nyttårsball, karneval, halloween, julegrantenning, julediskotek og Marit held barnelaget gåande og reiser på stemner og samlingar med dansarane.

For dei litt eldre har me også ei filmframsyning ein gong i månaden, me skipar til Kven Veit, me har to sumarsdansar med levande musikk, me har ei helg med smalahovesviing, me har Noregs beste smalahovefest, å setja opp julegrani i Mundal er vel òg til gleda for dei vaksne og me har 5.-dagsfesten med Vintrakvelden. Videoane me spelar inn til vintrakvelden er gjerne ikkje så lange, men det går fort eit par timar med tillaging og opptak for ein 2 minuttar lang sketsj. Og dermed mykje arbeid i redigering. Gjengen som lagar videoane legg ned eit veldig arbeid.

I tillegg til desse tingi som de ser at me driv med, driv me med lagsarbeid som ikkje syner så godt. Vår representant Anna Supphellen er leiar i bygdauset, og me er representerte i andre nemnder òg.

Og så lyt eg nemna kalenderen vår. Eg tykte det var moro med kalenderen i fjor og kor godt den selde, men den kalenderen Iselin, Gøril og dei modige og flotte damene som er modellar har laga i år overgår fjoråret! Og eg er så glad at den sel godt, og vil føra til ein god sum som me kan gje til Brystkreftforeningi sitt viktige arbeid. At me har sett Fjærland på kartet med alle oppslagi i lokal og nasjonal pressa er sikkert, og eg har enno ikkje høyrte noko negativt om det. Tvert om har me fått så mykje og kjekke tilbagemeldingar.

Me forsøker å finna på litt nye ting òg, men det er ikkje alltid så enkelt. I år har me fått med Line til å tilby opplæring i ulike handarbeidsteknikkar. I skrivande stund er det vanskeleg å seia om me får det til, det krev ein del investeringar i både rom på bygdauset og utstyr. Om det er andre ting de ynskjer at me skal ta tak i er det berre å kontakta oss, me er glade for å kunne leggja til rette for det meste som gjer det kjekt å bu i Fjærland.

Knut P. Bøyum

Litt om trafikken i Mundal

Kor mykje trafikk er det gjennom Mundal? Det har bygdautvalet lenge ønskt å finne ut.

Difor hadde vi eit allmøte på Fjordstova i november 2024, der kommunen òg var til stades. Det var eit ønskje om å få målt trafikken i lågsesong og i høgsesong. Sogndal kommune har utstyr til å telje trafikk, men av tekniske grunnar kan ikkje desse stå oppe lenger enn ei veke om gongen. Dette var bygdautvalet ikkje klar over.

Denne sommaren fekk vi difor trafikkmålingar 11.-18. juni og 22.-28. august, sistnemnde både i Mundal og på Jordalsvegen. Den fyrste målinga viser ein årsdøgntrafikk på 516 køyrety i snitt, og augustmålinga 652 køyrety per døgn i snitt. Vi manglar altså tal frå høgaste sesongen, og har spurt kommunen om å få ei måling av det neste år. Dette er viktige fakta i til dømes diskusjonar med vegvesenet og vegeigar.

Hilde Mauritzen

Leig feltstasjonen



Bremuseet minner om at dei leiger ut «klasserommet» til selskap og møte. Til rommet høyrer eit enkelt kjøken og toalett i same bygg. Dei har oppgradert med nye stolar i haust, og ein toppmoderne skjerm/tavle som kan brukast til nettmøte i plenum. Lokalet kan leigast heil eller halv dag. Lag og organisasjonar i bygda får halv pris. Ta kontakt med Anne på tlf. 45 50 77 18 eller anne@bre.museum.no for spørsmål eller tinging.

Bygdautvalssaker i år

Bygdautvalet arbeider med mangt gjennom året. Her kjem ei oversikt over dei største sakene. Nokre mindre eller uferdige saker er ikkje med.

Fyrst litt om doane. Både dette og tidlegare bygda-utval har brukt overraskande mykje tid gjennom mange år på toalett. Det står framleis att ein del arbeid her, mellom anna kva som skal skje i Bøya-dalen, men i det minste har me no fått ein fast avtale på at Sogndal kommune står for vask og teknisk drift av toaletta både på sørvisbygget i Mundal og ved Supphellebreen. Det er positivt, og lettat arbeidet for neste bygdautval.

Parkering

Sogndal kommune sette ned ei parkeringsnemnd der bygdautvalet har vore representerte, saman med mange grunneigarar og næringsdrivande. Det har òg vore bygdamøte om saka. Utkoma er kort sagt at både nemnda og bygdamøtet ynskjer at me skil meir mellom korttids- og langtidsparkering, der sistnemnde i praksis vil seia bubilar. Som bakgrunn for dette arbeidet har me òg fått til trafikktejing, sjå eiga sak.

Valkrinsane

Av fleire lokalpolitiske saker har bygdautvalet vore involvert i saka om valkrinsar i Sogndal kommune. Me fekk diverre ikkje gjort noko med dette, mellom anna av di me aldri vart rådspurde og difor kom for seint i gang med saka. Utfallet vart at Fjærland er lagt ned som eigen valkrins, trass høgast valdelta-king i heile kommunen. Dette er openbert feil avgjerd.

Det same gjeld vedtaket om at Fjærland ikkje lenger er eigen skulekrins. Kommunestyrevedtaket om dette heng heller ikkje saman med saksutgreiinga som var bakgrunn for vedtaket. Eg meiner komande bygdautval bør arbeida saman med politikarane for å omgjera vedtaket. Det positive i desse sakene er at både FAU, bygdautvalet og andre krefter i høg grad har gjort ordførar, formannskap og kommunestyre merksame på oss.

Mundal sentrum

I tillegg til ny pengeboks (sjå eiga sak) og oppretting av Paypal-betaling for turistar har me jobba med ymse som gjeld drift av tilboda rundt torget i Mundal. Me har på dugnad sett opp eit wifi-gjestenett for småbåthamna, gratis for betalande gjester og utan driftsutgifter for bygdautvalet. Med hjelp frå fleire er det òg reingjort og pynta i torgområdet, og blomekassane har kome opp. Attåt dette har me gjort praktisk arbeid som å byta ut ei vaskemaskindør.

Til sist har me fått stadfesta at kommunen rår over grunnen som kaifronten ligg på, og dermed kan me endeleg få utbetra kaiskjørtet. Flinke snikkarar i Fjærland er spurde om å ta oppdraget til våren.

Heimeside

Har du sett heimesida vår? På bygdalaget.fjerland.no legg me ut referat frå alle møte i bygdautvalet, og litt nytt og aktuelt.

Hotel Mundal, dialog med Ola Moe

Bygdautvalet har hatt kontakt med eigaren av Hotel Mundal om framdrift. Me har òg spurt om rydding rundt hotellet. Me har ein god dialog, og har fått til svar at arbeidet går vidare etter kapasitet.

Arnold-stiftinga

Som dei fleste har fått med seg, vart Fjærland tilgodesett med ein stor sum etter Arnold Mundal. I testamentet til Arnold fekk bygdautvalet i oppdrag å oppnemna medlemmer til den stiftinga som skal forvalta dei testamenterte ti millionane. Det er gjort, og stiftinga har byrja arbeidet med å laga vedtekter og registrera seg i Lotteri- og stiftingstilsynet.

Liv og lyst

Else Mundal er leiar i undergruppa for liv og lyst i Fjærland, og dei har mellom anna sett i gang kon-
torfellesskap for Fjærland (sjå eiga sak). I tillegg har Else vore skikkeleg flink å søkja stønad, og Liv og lyst-prosjektet har nyleg fått tildelt 300.000 frå fylket for vidare arbeid dei neste åra! Endå meir godt nytt for Fjærland.

Fjordviten

Dette bygdautvalet har ikkje gjort noko vedtak som gjeld Fjordviten, men me er interesserte i å få til eit bygdamøte om saka, vonleg i januar.

Litt om pengebruken

Bygdautvalet har løyvd 5.000 til oppstart av aktivitetstilbodet Rocket-Man Sogndal, og 10.000 til innkjøp av paviljong til julemarknadene oa. Me kjøpte òg inn utstyr til gjestenettet i småbåthamna.

Eivind Ødegård

Bygdautvalet i Fjærland har redaktøransvaret for dette bladet. Du kan kontakta oss på epost til bygdautvalet@fjerland.no. Sjå òg gjerne heimesida vår, bygdalaget.fjerland.no.